

Humedalslaget

NUMEDØLEN



November 2024



numedalslaget i oslo

RAKFISK-/ RÅKÅFISKFEST

Valdreslaget og Numedalslaget

Fisk og lefser og anna som høyrer til

Sal av drikke

Etter maten blir det dans til god musikk

Fredag
6. desember

Kl. 19.00
Halli i BLS

Nordahl Bruns
gate 22, Oslo

Påmelding til:



valdreslaget@gmail.com



991 69 602 /Bjarte eller til:



bjorg.tora.undebakke@gmail.com



977 54 018 /Björg

og betaling før 03.12.

til Valdreslaget i Oslo:

Bank: 0540.08.09331/ Vipps: 10275

Pris: kr 550,- for

mat, og god

dansemusikk.

450,- for medlemmer

400,- for studentar





numedalslaget i oslo

Innkalling til årsmøte i Numedalslaget i Oslo 17. mars 2025

Styret kallar med dette inn til årsmøte måndag 17. mars kl. 19.30 i Nordahl Brunsgt. 22 (møterommet Stigelin, inngang A).

Saksliste:

1. Opning
2. Val av ordstyrar, referent og to til å skrive under protokollen
3. Godkjenning av innkalling og saksliste
4. Årsmelding 2024
5. Rekneskap 2024
6. Medlemspengar for 2026
7. Innkome framlegg
8. Val

Framlegg må vera styret i hende seinast 20. februar 2025.

Minikurs 14. april 2024

Numedalslaget arrangerte minikurs i Numedalsspringar 14 april 2024. Per Midtstigen var spelemann og Nils Øyvind Bergset instruktør.



Frå minikurset i april. Foto: Svein Aasen



Det vart ikkje nokon tur til Numedalshytta i juni i år. Men 10. november i år tok Kjersti, Svein og Lars Peder ein tur for å reparere hytta.

Det starta med at inngangsdøra på hytta var vond å opne og lukke. Hytta hadde sige ned på det eine hjørnet, delvis på grunn av at botnsvilla hadde råteskader og at sjølve muren var ustabil. Nå er botnsvill skifta og hytta er retta opp, men det står att å gjere ein jobb med muren som held på å gje etter mellom ytterhjørna. Dessutan må vi skifte golvet i inngangspartiet og trappa. Så her er det behov for dugnadsvillige folk.



Reparering av hytta 10. november. Svein og Lars Peder er i full gang.
Foto: Kjersti Aasen



numedalslaget i oslo

Arkivdansekveld med Numedalsdans

Av Nils Øyvind Bergset, foto: Kenneth de Gala


Søndag 4. november var det arkivdansekurs med Numedalsspringar i Blåsalen. Dette er ei relativt ny kursform kor ein fordjupar seg i ein dans gjennom å studere arkivopptak. Det vart 2 timer med artig djupdykk i filmopptak av numedalsdansarar gjennom tidene. Det eldste opptaket var frå Laagendalsfilmen heilt tilbake i 1926. Norsk Senter for Folkemusikk og Folkedans støtta arrangementet økonomisk og dei åpna arkivet for utlån av filmene.



På Laagendalsfilmen dansa Eivind Rabben (fødd 1902), Ole Sæther (fødd 1895), Kittil Dyrebu (fødd i 1858), Jøran Gjellerud (fødd i 1871), Jøran Sæther (fødd 1869) og Berit Rabben (fødd 1881). Det er unikt å ha film av desse dansarane. Vi såg også filmar frå 1970-talet med Sigmund Teigen og Dagny Dahlen, Ola Huslende og Marit Bjøråsen, Hellik og Grethe Dokka, Jan O. Dokken og Marit Juvlid samt Niri og Ingeleiv Berget. Til slutt såg vi dansarar frå Nore og Uvdal som var filma i 1982: Elling Lesteberg og Ingeborg Hvaale Hagen, Gregard Landsgård og Margit Grønneflåta samt Ola Guterud og Ingeborg Hvaale.



Numedalslaget vil gje ein spesiell takk til initiativtakar og organisator Helen Engelstad Kvaalem. Nils Øyvind Bergset var kurshaldar og Kenneth de Gala spelemann. Det var 14 deltakarar på kurset.



numedalslaget i oslo

Numedøler på amerikatur: Hardanger Fiddle Summer Music & Danse Workshop 18. – 21. juli 2024 ved Folklore Village nær Dodgeville, Wisconsin

av Svein Aasen og Kenneth de Gala, foto: Kenneth de Gala

Hver sommer arrangerer Hardanger Fiddle Assosiation of America



(HFAA) seminar, konserter og kurs i forbindelse med sitt årsmøte, fra torsdag til søndag en gang i løpet av juli. Temaene varierer fra år til år og det velges ut en tradisjon fra hardingfeledistriktene som er i fokus. I 2024 var det Numedalstradisjonen som ble valgt ut. Det skulle holdes Danse Workshop/kurs i Numedalsspringar med

Arnhild Brennesvik som instruktør. Arnhild hadde behov for en dansepartner. Arnhild tok kontakt med meg. Jeg har aldri vært i USA, og dette var jo en fin anledning til å komme til USA, så jeg svarte ja.

Kenneth De Gala var spelemann og instruktør for Music Workshop (Advanced hardingfele).

Arna Desser, også danser i og medlem av Numedalslaget, og som lenge har vært kasserer i HFAA, ordnet flybilletter for oss. Vi møtte på Oslo Lufthavn Gardermoen 16. juli og Icelandair fløy oss til Chicago O`Hare airport via Keflavik, Island. På flyplassen ble vi møtt av presidenten i





numedalslaget i oslo

HFAA, Loretta Kelly og Catherine Springer. De kjørte oss til David Listug i



Stoughton, hvor vi overnattet 2 netter. Alle instruktørene møttes hos David, som har et stort fint hus, med plass til mange, og stor hage. David har familie fra Lårdal i Telemark. Onsdag 17. juli viste David oss rundt i Stoughton og vi besøkte blant annet Stoughton Opera House og tidligere Fykerud bar

(Hans Fykerud, far til Lars).

Torsdag 18. juli kjørte David oss til Folklore Village i nærheten av Dodgeville, Wisconsin. Folklore Village ligger i landlige omgivelser, med skog og grønne jorder, ute på prærien. Det er stort hus med mange rom, stor sal, stort kjøkken og egner seg godt til kurs over flere dager. Ute var det satt opp partytelt. Torsdag, fredag, lørdag og søndag var det 2 økter med kurs/instruksjon hver dag. Karin Code og Loretta Kelly spilte numedalsspringar annenhver økt på dansekurset. Dansekurset foregikk i "Farwell Main Level", en stor sal i huset, eller i en liten kirke - Plum Grove Church. Det var 15 – 16 deltakere på dansekurset. Eldste deltaker var 99 år, og hun danset hele tiden. Om kveldene var det "dance party" i den store salen. Lørdag kveld var det stor fest, konsert med alle deltakere og instruktører, masse god mat, godt drikke og dans til langt på natt. Konserten startet





numedalslaget i oslo

med at alle, som hadde gått på kurs i hardingfele spilte Brudemarsj fra Seljord under ledelse av Kenneth. Mange hadde tatt på seg bunad, som viste hvor de hadde tilhørighet i Norge. En hadde kjøpt seg komplett mannsbunad fra Gudbrandsdalbunad på nettet, men han visste ikke hvordan han skulle ta den på seg. Han fikk den hjelp han trengte fra oss andre.



Landskapet rundt Folklore Village minner mye om Norge, med store grønne jorder, store gårder og litt skog. Men både trærne og graset er større enn det vi er vant med i Norge.



Søndag 21. juli etter lunsj var det tid for å reise hjemover igjen og vi tok avskjed med alle deltakere og instruktører. Loretta kjørte oss til flyplassen i Chicago. En flott opplevelse, mange nye bekjenskaper og god formidling av Numedalstradisjon for

et interessert publikum og kursdeltakere.

Vi takker HFAA for at vi fikk komme.



numedalslaget i oslo

Årsmelding 2023

Styret

Styret sidan årsmøtet i 2023:

Kasserar: Svein Aasen

Styremedlemmer: Nils Øyvind Bergset, Kjersti Aasen, Bjørg Undebakke og Kenneth de Gala.

Varamedlem: Tormod Haug

Laget hadde ingen formell leiar i meldingsåret.

Svein Aasen var kontaktperson til BLS og NU. Han er og medlem i Folkedansnemnda i BLS. Svein Aasen deltok på leiarmøte og årsmøtet i BLS.

Laget har hatt eit hyttestyre og ei nemnd for heidersmerke/fortenestemerke.

I meldingsåret hadde laget 21 medlemmar. Av desse er 2 bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna lag i NU/BLS). Laget har 4 æresmedlemmar: Reidun Kjønås, Jøran Stryse, Levor J. Traaen og Svein Aasen.

I meldingsåret har vi ikkje hatt styremøte. Vi har hatt kontakt via mobil og e-post, og snakka saman i pausen på øvingane. 4 frå styret er fast med på danseøvingane.

Årsmøtet 6. mars vart halde i møterommet Hulda i Nordahl Brunsgt. 22. 5 medlemmar deltok.

Laget var representert med fleire medlemmer på jubileumsmarkeringa til BLS i Oslo Rådhus 14. mars.

Laget nyttar heimesidene på nettet, www.numedalslaget.no, til å informere om aktiviteten og reklamere for arrangement. Heimesidene er oppdatert med meir historisk informasjon og gamle nummer av «Numedølen». Lagsavisa «Numedølen» kom ut med eit nummer (november 2023).

Råkåfiskfest saman med Valdreslaget

Råkåfiskfesten/Rakfiskfesten blei arrangert i Halli i Nordahl Brunsgt. 22 fredag 1. desember.

Det var 45 til bords og vi serverte rakfisk frå Noraker og råkåfisk frå Løvsstuen i Uvdal. Lefsene kom frå Valdresbakst og frå Mollas Bakeri i Rollag (med og utan sukker). Vi hadde som vanleg kokte mandelpoteter og tilbehør som lauk, rømme og raudbeter. For dei som ikkje et lefse og råkåfisk var det spekemat og flatbrød. Terje Rusten og Martin



numedalslaget i oslo

Brendemoen (trekkspel) stod for runddansmusikken, medan Mattias Thedens og Sindre Tronrud, som er elevlar ved Norges musikkhøgskule, spelte bygdedans på hardingfele.

Lagshytta

Hyttestyret for 2023 var: Sigrid Prestmoen Talleraas, Walborg Tuft, Tormod Haug og Lars Peder Larsgård.

Hytta til Numedalslaget har eiga adresse: Trulsebråten 52. Uthuset har fått nr. 52 A og Numedalshytta nr. 52 B. Gårds og bruksnr. er: 114/38. På den årlege turen til hytta 10. juni var det einigheit om at det var behov for å utføre fleire vedlikehaldstiltak. Det er årsaka til at det har vore større aktivitet på hytta denne hausten enn tidlegare år. Det blei oppdaga rusk inne i hytta, og ved nærmare undersøkingar viste det seg at det hadde kome inn maur. Det var mykje maur utanfor hytta på austsida, maurverk ble tatt i bruk foreløpig. Men maurangrepet avdekka også at det var råte i botnsvillen under sjølve lafteverket, og muren er dårleg. Dette ser også ut til å ha samanheng med at inngangsdøra sto i klem. Her trengjer me litt mannskap til neste år for å jekke opp hytta for å byte ut treverk og reparere muren, samt at me må fikse trappa og evt. også golvet ved inngangen. Vindskibord og vinduer er malt og hytta ser absolutt meir innbydande ut. Byte av takrenner ventar. Terrassen er retta opp og ser grei ut, men den er utruleg glatt når det er vått. Også annekset er nymala. Det blei sprøyta to gonger med soppdrepar før stålbørsting av de stadene som var angrepet før vi kunne male. Det blei ikkje lagt nytt lag med papp denne hausten på annekset så også her er det nok å gjere neste år. Det oppfordrast til å bruke hytta meir. Hytta er lita, men den har romma mange.

Tur til Numedalshytta 10. juni

Det årlege sommartreffet på Numedalshytta var laurdag 10. juni. 9 personar møtte opp, det er ca. halvparten av medlemsmassen i laget og 4 fleire enn på treffet i fjor. Været var strålande. Av respekt for brannfaren ved open eld blei det ikkje rømmegraut, men matpakke og kaffi eller te på termos, vatn og saft. Nokre hadde tatt med bakst til glede for alle som ville ha. Terrassen, taket på hytta, annekset og utedoen blei kosta fritt for lauv og barnåler. Etter ein runde hytta og annekset vart følgjande arbeidsoppgåver skrive ned.



numedalslaget i oslo

- Papp på annekset
- Oppretting og beising av terrassen
- Takrenner
- Vinduer, maling. To stykk tatt med heim for renovering
- Trappa

Deltakarane var: Dagny Østhus Larsgård, Lars Peder Larsgård, Bjørg Tora Undebakke, Aasmund Flo, Per Tuft, Walborg Ulbaasen Tuft, Sigrun Ulbaasen Tuft, Svein Aasen og Kjersti Aasen

Røros-leken 5. – 7. mai 2023

Numedalslaget v/Svein arrangerte busstur til Røros saman med Hogne Tellnes, i samband med Røros-leken (3 dagars leikfest). Vi leigde buss frå JVB og 35 folkedansarar deltok på bussturen.

Kulturkveld i Numedalslaget 25. september

I samband med 100-årsjubileet til BLS, har det vore fleire kulturkveldar i Nordahl Brunsgate. Mandag 25. september arrangerte Numedalslaget kulturkveld med Per Midtstigen og Nils Øyvind Bergset. Per er tidlegare medlem og har vore ein svært aktiv utøvar på ulike instrument i Numedalstradisjonen. Nils Øyvind er vår danseinstruktør, men han er og utøvar på durspel og trekkspel. Begge fortalte om sin musikalske bakgrunn og demonstrerte smakebitar frå sitt repertoar. Det blei servert kaker og kaffi/te, og til slutt var det dans. 11 personar møtte opp.

Folkedansaktiviteten

2023 var det første heile vanlege året etter koronapandemien. I løpet at året opplevde vi stor tilslutning frå nye dansarar. Det var nokre med røter i Numedal, men mest frå andre lag i BLS og frå BUL. Kulturkveld og minikurs bidrog til at nye dukka opp. Nils Øyvind Bergset var instruktør på øvingskveldane våre. Kenneth de Gala spelar fast på øvingane, og to gonger har Tor Inge Bue spelt på øvingane. Til saman hadde vi 19 øvingskveldar. Totalt sett var det 127 frammøter på øvingane. I tillegg kjem spelemann og instruktør. Totalt møtte 30 ulike personar fram. Av desse var det 8 gutar og 22 jenter. Det var i snitt 6,7 oppmøter på øvingane.

Danseøvingane er støtta av Studieforbundet kultur og tradisjon.



numedalslaget i oslo

Fleire av dansarane i laget er aktive med å danse til tevling på kappleik. Dansarar frå laget har vore med på Landskappleiken i Lom, Hilmestemnet på Fagernes, Landsfestivalen i Førde og Oslokappleiken. Det var også med tre dansepar frå Numedalslaget på den store jubileumsforestillinga til BLS i Det norske teater 28. oktober.

Dansarar frå laget var også med på Folkemusikkmesse i Rollag kyrkje på sommaren og på 90-årsjubileet til Numedal Spel- og Dansarlag i september. Laget var også representert med spelemann og dansarar under Dans i alle salar i Bygdelagshuset 16. september.

5. november arrangerte vi minikurs i Numedalsspringar på Folkedanskvelden med 13 deltakarar. Instruktør var Nils Øyvind Bergset og spelemann var Per H. Midtstigen. Folkedansgruppa var teknisk arrangør på to folkedanskveldar (søndagar): 15/1 og 5/11. Då steikte vi vaflar og trakta kaffi og te i Nordahl Brunsgt. 22, for eit dansande publikum.

Folkedansgruppa arrangerte minikurs på 2 folkedanskveldar med andre dansar:

- 15/1 i Rørospols, 21 deltakarar, instruktørar Anbjørg Bergwitz og Audun Grüner Hegge. Spelemann Thor Hauknes.
- 30/4 i Nordlandspols, 16 deltakarar, instruktør Tone Ingvaldsen og spelemann Jo Einar Sterten Jansen.



Pynta bord på råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Tillitsvalde 2024

Styret:		Tlf.
Kasserar:	Svein Aasen Haugerudhagan, 58, 0673 Oslo e-post: sveinaasen47@gmail.com	48 29 99 81
Styremedl.:	Kenneth de Gala Scheidemannshaugen 5, 3616 KONGSBERG e-post: khdegala@gmail.com	996 42 809
	Nils Øyvind Bergset Otto Ruges vei 35 B, 1361 ØSTERÅS e-post: niloberg@online.no	41 63 95 67
	Kjersti Aasen Erlendsvei 48, 0669 Oslo e-post: aasenkjersti@gmail.com	98 06 21 65
	Björg Undebakke Fallanveien 30 B, 0495 Oslo e-post: bjorg.tora.undebakke@gmail.com	97 75 40 18
Varamedl.:	Ingunn Vagstein Kapellveien 157, 0493 OSLO e-post: ingunn@viib.no	982 64 288
Hyttestyre:	Lars Peder Larsgård Jenshaugveien 11, 1363 Høvik e-post: lars-peder@larsgaard.com	917 58 265
	Walborg Tuft Teppaveien 10 A, 0976 Oslo e-post: wutuft@gmail.com	93 26 23 56
	Sigrid Prestmoen Talleraas Th. Kittelsensvei 72, 1415 Oppegård e-post: sigrid.talleraas@hotmail.com	90 01 99 70



numedalslaget i oslo

Tormod Haug

908 54 279

Heggedal torg 4, 1389 Heggedal

e-post: **tormod.s.haug@gmail.com**

Revisor:

Aasmund Flo

91 62 78 71

Fallanveien 30 B, 0495 Oslo

aasmund.flo@gmail.com

Hedersm./
forteneste
m.

Svein Aasen

48 29 99 81

Nils Øyvind Bergset

416 39 567

Valkomite:

Bjørg Undebakke

Kjersti Aasen



Fornøgte deltakarar på råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Bygdedans frå Numedal vinteren 2024 og 2025

18. november	10. mars
2. desember	24. mars
16. desember	7. april
13. januar	5. mai
27. januar - på Riksscenen!	19. mai
10. februar	2. juni
24. februar	23. juni

Desse mandagskveldane er det kurs/øving i bygdedans frå Numedal i Blåsalen i Nordahl Brunsgt. 22. Vi startar klokka 19.30, og ønskjer velkomen til gamle kjende og til den som vil prøve seg på ein ny dans.

Instruktør: Nils Øyvind Bergset
Spelemann: Kenneth de Gala

Kursavgift:
280,- for medlemmer
380,- for ikkjemedlemmer
50,- per enkeltkveld

Ved spørsmål kontakt Nils Øyvind Bergset: 416 39 567.

Kurset er støtta av Studieforbundet Kultur og Tradisjon.

Minikurs 6. april 2025

Søndag 6. april 2025 har Numedalslaget ansvar for folkedanskvelden og vil arrangere minikurs i Numedalsdans. Følg med på heimesidene våre for fleire detaljar om denne kvelden.



Laget har i haust kome seg ut på sosiale media att, etter nokre års fravær. Du kan følgje oss her:

<https://www.facebook.com/profile.php?id=61566461657005>

https://www.instagram.com/numedalslagetioslo/?fbclid=IwY2xjawGrGFVleHRuA2FibQIxMAABHcx1XE9Zi4F58DYkB15hBBB9HBtnu1E5bTyRgmimy4icdOUsMKMGUXCg0w_aem_u9XyBjnSoagCcrUD466RmA

Laget jobbar stadig med å legge ut ny informasjon på heimesidene. Mange gamle nummer av Numedølen er nå skanna inn og lagt ut. Ta eit blick på sidene våre her:

www.numedalslaget.no

Støtt Numedalslaget gjennom grasrotandelen

Numedalslaget i Oslo er registrert i Frivillighetsregisteret. Dette betyr at du også kan støtte laget gjennom grasrotandelen til Norsk Tipping.

Be kommisjonæren registrere organisasjonsnummeret: 995 067 781.

Medlemspengar for 2025

Medlemspengane for 2025 er:


Kr. 400,- for vaksne over 26 år

Kr. 150,- for born/vaksne 14 - 25 år

Kr. 50,- for born under 14 år

Kr. 200,- for bi-medlemskap (hovudmedlem i eit anna NU-lag)

Medlemspengane skal betalast til Numedalslaget i Oslo Nordahl Brunsgt. 22, 0165 Oslo **kontonummer: 0530 19 32474**. Det vert ikkje lenger sendt ut giro – treng du det ta kontakt med kasserar Svein Aasen.



Tuvas blodklubb fekk Folkelarm-pris og Svein Aasen vart nemnd

Den 16. november delte organisasjonen FolkOrg ut Folkelarmprisane for 2024. Ein av kategoriane var årets arrangør og prisen vart tildelt Tuvas blodklubb som blir arrangert på Riksscenen i på Grünerløkka. Dette er ein konsertserie som har opna folkemusikken og folkedansen for nye grupper gjennom fokus på god dansemusikk. Det er Tuva Syvertsen, som mellom anna er kjend frå gruppa Valkyrien, som er hovudansvarleg for arrangementet. Ho takka mange for prisen og mellom anna danselegenda Svein Aasen som er ein aktiv deltakar på desse kveldane. Ho meinte han er ei personifisering av folkedansmiljøet. Numedalslaget gratulerer Tuva og Tuvas blodklubb og synes det er hyggeleg at ho trekker fram Svein i ein slik samanheng.

Bok om dansespelemannen Arne Olsen

Fleire i Numedalslaget lærde seg numedalsspringar på dansekurs på 70-, 80- og 90-talet til dans frå spelemannen Arne Olsen. No har redaktør Jan H. Lislien, Numedals spel- og dansarlag og Folkemusikksenteret i Buskerud gitt ut ei bok om Arne Olsen. Boka inneheld Arnes fortelling om sitt liv frå han var 7 til han var 60 år. Den har også ei musikalsk dagbok for 1998/99 der vi får innblikk i hans virke som kjelde for sine elevar. Det er også 18 artiklar av folk som sto han nær eller var elevar. Til sist i den biletrike boka, er det notar på dei fleste av komposisjonane til Arne. Boka kan ein få tak i ved å kontakte Folkemusikksenteret i Buskerud, ved wetterhus@folkemusikksenteret.no.



Pynta bord på råkåfiskfesten. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Folkedanskvelder vinteren 2024

<u>November</u>		
24.	Fanteladdane / Hordaringen	Finnskogspols
<u>Desember</u>		
01.	Fanteladdane og Farande Fant / Folkedansnemnda	Juleavslutning

Følg med på www.bls.no for oppdatert oversikt.



Reinsking av fisk og pynting av fat. Foto: Svein Aasen.



numedalslaget i oslo

Dans, dans, dans – festival vinteren 2025

DANS DANS DANS er ein dansefestival med dansefestar, førestillingar, seminar og kurs i Oslo, og blir arrangert for andre gong i januar/februar 2025.

Festivalen er eit samarbeid mellom FolkOrg, Sprang, Riksscenen, NU, SFF, og ulike medlemslag i BLS. Dette gjer at det blir eit variert og spennande program der det vil vere noko for ulike dansesmakar! Velkommen til festival frå 27. januar til 2. februar 2025!

Måndag 27. januar

19.00 - 20.30 Tre kræsjkurs med Valdreslaget, Numedalslaget og BLS Ung, Riksscenen

21.00 - 23.00 Opning, dans og jam
MIR

Tysdag 28. januar

19.00 - 21.00 Dansekveld med BLS Ung,
Bygdelagshuset

19.30 - 21.30 Kurs i masurka med Leikarringen i BUL,
Nynorskens hus

Onsdag 29. januar

10.00 - 12.30 Fagseminar kuratert av Norsk senter for folkemusikk og folkedans,

Riksscenen

18.30 - 21.00 Danseøving med Hallinglaget,
Bygdelagshuset

18.00 - 22.00 Kurs og danseøving med Folkedanslaget Symra,
Bygdelagshuset

21.00 - 00.00 Folkemusikkpøbb,
Kaffistova

Torsdag 30. januar

09.00 - 12.30 Danseløftet, stream frå Sparebankstiftelsens seminar på Sentralen, Riksscenen




numedalslaget i oslo


13.30 - 16.00 Fagprogram for folkedansutøvarar kuratert av FolkOrg, Riksscenen

18.00 - 20.00 Kurs i Springdans frå Vestfold, Riksscenen

19.15 - 22.00 Kurs og danseøving med Hordaringen, Bygdelagshuset

20.30 - 00.00 Folk på Torsdag: Dansekonsert med Siljes Salong, Riksscenen





numedalslaget i oslo

Fredag 31. januar

14.00 - 17.00 Visningar av nye produksjonar og pitsjestafett,

Riksscenen

18.00 - 19.00 Kultivatorpodden Live,

Riksscenen

19.30 - 20.30 "Gammaldansmusikkens historie", Foredrag med Arild

Hoksnes,

Riksscenen

19.30 - 20.30 Muerde limones (Flamenco)

Riksscenen

21.00 - 22.15 Dansekonsert med Madam Jam,

Riksscenen

22.30 - 23.45 Dansefest og toraderstafett,

Riksscenen

23.45 - 01.00 Folkesnurr frå Voss, med DJ Lars, Anders og Bendik,

Riksscenen

Laurdag 1. februar

10.00 - 17.00 Instruktørkurs med NU,

Bygdelagshuset

15.00 - 20.00 Dansefest og kurs for barn og ungdom,

Riksscenen

18.00 - 19.30 Kræsjkurs i gammaldans med Leikarringen Frøy,

Riksscenen

20.00 - 01.30 Dansefest med Kvarts,

Riksscenen

Sundag 2. februar

10.00 - 15.00 Instruktørkurs med NU,

Bygdelagshuset

13.00 - 13.45 LilleRiksen: "Hva er kropp" med Anita Langødegård,

Riksscenen



Referat frå årsmøtet 4. mars 2024

Desse deltok: Nils Øyvind Bergset, Bjørg Tora Undebakke, Svein Aasen, Kjersti Aasen og Helen Engelstad Kvalem.

1. Opning

Svein Aasen opna møtet og ønska velkommen.

2. Konstituering

Møteleiar: Nils Øyvind Bergset, referent: Svein Aasen

Skrive under på protokoll/referat: Kjersti Aasen og Helen Engelstad Kvalem.

3. Godkjenning av innkalling og saksliste

Det var ingen kommentarar til innkalling/saksliste

4. Årsmelding 2023

Årsmelding 2023, som og omfatta Folkedansgruppa og hytta, vart lese opp av Nils Øyvind Bergset.

Årsmeldinga vart godkjend med merknader som kom fram under handsaminga/opplesinga.

5. Rekneskap

Kasserar Svein Aasen gjekk gjennom rekneskapen for 2023, underteikna av kasserar og revisor 27.02.2023. Rekneskapen for 2023 viser eit overskot på kr. 9.697,58.

Rekneskapen for 2023 vart godkjend.

6. Medlemspengar 2025:

Inga endring, same som for 2024:



numedalslaget i oslo

Vaksne: kr 400, barn/vaksne 14-25 år: kr 150, barn under 14 år: kr 50.
Bimedlemmar (hovudmedlem i eit anna NU-lag): kr 200.

Om NU/BLS endrar sin kontingent, kan Numedalslaget og endre i same takt.

7. Innkomne framlegg

Ingen innkomne framlegg.

8. Val

Årsmøtet gjekk til val på framlegg frå valnemnda v/Bjørg Tora Undebakke

Valet vart vedteke etter framlegg frå valnemnda.

Utsendingar til årsmøtet i BLS 11. mars 2024: Svein Aasen og Helen Engelstad Kvalem

Utsending til landsmøtet i NU i 20. og 21. april 2024: Svein Aasen deltek på landsmøte dersom BLS støttar økonomisk.

Styret takkar alle som har bidratt på arbeid og aktivitetar i laget.

Svein Aasen (sign)


referent

Kjersti Aasen (sign)

Protokollvitne

Helen Engelstad Kvalem (sign)

Protokollvitne



Avsendar: Numedalslaget i Oslo, Nordahl
Brunsgt. 22, 0165 OSLO

Medlemsfordelar i Numedalslaget og Noregs Ungdomslag

- Reduksjon i pris på samkomer i Numedalslaget
- Reduksjon i pris på folkedanskveldane i Nordahl Brunsgt. 22. Kvar søndag er det gamaldans, og litt bygdedans, songdans og turdans frå kl. 19.30 – 22.00. Ofte minikurs i ein dans frå kl. 18.00 – 19.30. Sjå oversikt på www.bls.no.
- 20 % rabatt på billetter på Det Norske Teateret i Oslo. Bruk rabattkode «medlem» for bestilling. Rabattkoden gjeld for to billetter per medlem.
- 20 % rabatt på Comfort-, Quality- og Clarion-hotell i Noreg med rabattkode 66457.
- 10 % på Hotell Bondeheimen i Oslo. Vis medlemskort.
- 15 % rabatt på Kaffistova i Oslo. Vis medlemskort ved betaling.
- 10% rabatt på Heimen Husfliden. Vis medlemskort ved betaling.